

Sone 3

Årsmelding 2010



**Innkalling til årsmøte i Jølster jakt og fiskelag sone 3
i Sandal grendahus torsdag 24 mars 2011 kl 2000.**

- Sakliste: 1 . Godkjenning av innkalling og sakliste.
2 . Val av møteleiar og skrivar.
3 . Val av to til å skrive under møteboka.
4 . Årsmelding.
5 . Rekneskap.
6 . Disponering av overskot.
7 . Arbeidsplan.
8 . Val.
9 . Innkomne saker.

Forslag arbeidsplan 2011

Temakveld i samarbeid med kommunen.
Innlandsfisketurismeprojektet .
Småvilt.
Villreinarbeidet i samarbeid med utval og villreinnemnd.
Oppfølging av plan arbeid E- 39 Bjørset . Skei.
Fangstregistrering.
Aurefiskefesten.

Frå kl 2130 matøkt og fellesmøte med sone 2 .
Knut Broberg innleier om rypetaksering.

Fiskekortprisar 2011.

Stang

Døgn	1 sone	kr 70,-	2 eller fleire soner	kr 140,-
Veke	1	+ kr 225,-	2	+ + + kr 400,-
Sesong	1	+ kr 300,-	2	+ + + kr 600,-

Oter

Døgn	kr 170,-
Veke	kr 400,-
Sesong	kr 600,- Felleskort stang/oter sesong kr 700,-

Vår nettside: www.jolstraaure.no

Jølster Jakt og Fiskelag

sone 3

Årsmelding 2010

Førre årsmøtet vart halde i Helgatun, Årdal 23 mars 2010. Det var fellesmøte med sone 2 etter matøkta og dei vanlege årsmøtesakene.

Styret i meldingsåret har vore :

Oddmund Støylen , leiar

Eilert Årseth , nestleiar

Jonny Lofnes , kasserar

Malvin Barlund, skrivar og medlem av Førdefjella villreinutval

Finn Årdal , styremedlem

Varamedlem Knut Huus har vore innkalla til styremøta .

Styret har hatt 3 styremøte og handsama 15 saker . Det er gjeve tilskot til Årdalen grendalag til gapahuk i Årdalsdalen og tilskot til Jølstratrefen. Det vart tap på fiskekortsalet til Jølstraholmen servissenter A/S i 2009 , som er fordelt på sonene. Spørsmålet om rettane i Jølstravatnet vart drøfta i høve legginga av breibandkabelen som Eninvest har lagt. Sone 3 hadde innspel om E 39 Bjørset ó Skei i høve planlegginga av utbetringa her. NM i flugefiske vart arrangert 13 og 14 august 2010 og saman med sone 2 tilrettela vi med båtar og båt plassar ved den nye båthamna i Gjesdalen. Kontrollørar heldt forbundet.

Fisket .

Det vart selt 1117 stk fiskekort mot 1255 i 2008. Dette totalt for alle 4 sonene.

Fangstregistreringa viser 1,2492 kg mot 1,4358kg pr garndøgn som er lågare

enn i fjor. Fiskedøgn vart omlag likt med ifjor . Mottaket i Årdalen har teke mot 5032kg. Det er og levert til andre mottakarar og ein del fiskar med garn til eige bruk. Så er botngarnfiske sett til 1500 kg og sportsfiske sett til 2000 kg.

Storrusefisket vart 45,5 kg totalt for sesongen og er med i det som er levert til andre.

Då vert samla fangst i Jølstravatnet for 2010 rekna til 11593 kg aure mot 13372 kg i fjor ..

Villrein .

Villreinutvalet i Førdefjella laga ny driftsplan, som gjeld frå 2010 til 2014, denne plana er godkjend av Villreinnemnda. Det har ikkje vore jakt i Førdefjella i 2008 og 2009, dette på grunn av lavt kalvetal. I 2010 kom det til 20 kalvar, og Utvalet bestemte å på nytt opne for jakt, og ut frå driftsplana skulle det fellast 10 dyr, alle dyra vart felte første jaktveka, og dei felte dyra var i samsvar med tildelinga. Malvin og Oddmund har delteke i kartlegginga av Førdefjella reinen sitt leveområde. Villrein flokken tel no ca 80 dyr.

Rev .

Det er felt 22 stk rev i Jølster mot 21 i fjor, sone 1, 2 stk, i sone 2 , 6 stk, i sone 3, 12 stk og i sone 4, 2 stk. Det er registrert ein del rev med skabb i året som gjekk, så enkelte plassar får kanskje bestanden ein naturleg tilbakegang

Småviltjakta .

Det vart opna for småviltjakta 17 september med slutt 23 desember. Det er selt 94 jaktkort som er 4 fleire enn i fjor.

Kontrollordninga .


Fiskekortkontrollen har vore utført av Kjell J Kvammen med tilsaman 12 turar i områda Jølstra og Jølstravatnet sør og nordsida . 28 fiskarar vart kontrollerte . På første runde 20 mai der leiar også var med , vart tre fiskarar kontrollerte og ein hadde ikkje fiskekort, men kjøpte hjå oss.

Aurefiskefesten

Aurefiskefesten der det var råd å vinne kr 12 500,- for største fisk vart for Jølster sin del tilskipa på Solrenning Camping fredag 6 august 2010. Terje Engvik frå Førde tok den tyngste fisken under heile arrangementet dette året i Jølstravatnet. Og berre 4 gram mangla på første plassen samanlagt for tre vatn. Vekta på Jølstra auren var 740 gram og samanlagt vinnaren for tre vatn, Jan Ove Brede, Førde hadde 1268 gram på tre fiskar.

Diagram over fangststatestikk.

kg/g.d.



Total fangst

